



DET KONGELEGE  
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref.  
2002-458-1

Vår ref.  
2002/1163 KU/ KU3 IRO: gbp

Dato  
28.08.2002

## HØYRING AV NOU 2002:1 FORTID FORMER FRAMTID – UTFORDRINGER I EN NY KULTURMINNEPOLITIKK

Kultur- og kyrkjedepartementet viser til Dykkar brev av 28. februar 2002 om høyring av kulturminneutvalet si utgreiing NOU 2002: 1: *Fortid former framtid – Utfordringer i en ny kulturminnepolitikk*.

Kultur- og kyrkjedepartementet har merknader til enkelte av dei punkta som er sett opp i høyringssbrevet s. 3-5.

### 1. Utgreiinga sine mål, strategiar og innsatsområde som grunnlag for ein framtdsretta kulturminnepolitikk

*Fortid former framtid* er ei omfattande og ambisiøs utgreiing om utfordringar i den noverande og framtidige kulturminnepolitikken. Ei rekkje behov er dokumenterte og sette inn i ein breiare samanheng. Serskilt merkjer vi oss utfordringane knytte til den delte forvaltningsstrukturen av feltet som i mange tilfelle fører til uklår ansvarsdeling og ei rekkje gråsoner. Kultur- og kyrkjedepartementet vil gjerne bidra til å betre dette gjennom auka samarbeid mellom ulike departement og mellom sektorane.

Kultur- og kyrkjedepartementet er tilfreds med at det i utgreiinga vert lagt stor vekt på musea sine roller knytte til formidling, som møtestad og forvaltar av kulturminne.

Målet med den pågående museumsreforma, som er ei oppfølging av St. meld. nr. 22 (1999-2000) *Kjelder til oppleving og kunnskap*, er å styrke musea sin faglege kompetanse og etablere sterkare einingar. I denne samanheng ser vi at musea kan spele ei meir sentral rolle i samspelet med den offentlege kulturminneforvaltinga i framtida.

Kultur- og kyrkjedepartementet seier seg einig i at det er trong for betre vern og formidling av samiske kulturminne og at det er store utfordringar knytte til dei nasjonale minoritetane og ulike innvandrargrupper sine kulturminne og kulturmiljø. Vi stiller oss elles positive til utvalet sitt forslag til samarbeidsprosjekt mellom museumssektoren og det offentlege kulturminnevernet for å vurdere verkemiddel i arbeidet med å sikre dei nasjonale minoritetane sin kulturarv, jf. side 85 i utgreiinga.

Vidare støttar vi forslaget om å revidere kulturminnelova, jf. kap. 3 og 8 i utgreiinga. I denne samanheng kan det vere føremålstenleg at dei nasjonale minoritetane og dei samiske interessene vert klårare nedfelte i kulturminnelova sin føremålsparagraf. Det er også eit godt grunnlag for å vurdere ei styrking av kulturminneaspektet i plan- og bygningslova som verkemiddel i kulturminnepolitikken.

Sjølv om utgreiinga er svært omfattande og inneheld forslag til framtidig politikk på ei rekke felt knytte til kulturminnevernet, saknar Kultur- og kyrkjedepartementet likevel ein klårare vilje frå utvalet til å prioritere mellom dei mange og viktige utfordringane kulturminnevernet står ovanfor. Serskilt vil vi peike på at dei økonomiske konsekvensane av utvalet sine forslag i større grad burde konkretiserast.

## **2. Korleis leggje til rette for aktiv bruk og ivaretaking av mangfaldet i kulturarven?**

I kap. 2. pkt. 2.4 har utvalet gjort greie for at det er trong for ein breiare og opnare debatt om verdispørsmål og prioriteringar i kulturminnepolitikken. Kultur- og kyrkjedepartementet støttar utvalet sitt syn på dette punktet, men vi vil likevel understreke at dette ikkje må føre til meir vilkårleg handsaming av kulturminnene. Det er serskilt viktig at fagpersonar har eit avgjerande ord når det gjeld kva kulturminne som skal bevarast for ettertida. Vi vil også peike på at ein i ulike tidsperiodar kan ha ulike syn på kva som er verdt å ta vare på og kva som ikkje er det. Kulturminnene våre er viktige kjelder for framtidig forsking, og kulturminnene som ikkje-fornybare ressursar må difor serskilt understrekast.

Jf. merknader under pkt. 1 vil Kultur- og kyrkjedepartementet trekkje fram trangen for auka innsats for samiske kulturminne og kulturmiljø, kulturarven til dei nasjonale minoritetane og ulike innvandrargrupper. Det er viktig at det vert gjort eit innsats på dette feltet både når det gjeld formidling, kompetanseheving og forsking.

Kultur- og kyrkjedepartementet vil også peike på trangen til å ta vare på immaterielle kulturminne, til liks med materielle kulturminne. Dette krevst ein serskilt innsats, men det bør vere ein viktig og integrert del av kulturminnevernet. Ei rad institusjonar – og dessutan mange eldsjeler og frivillige – gjer i dag ein stor og viktig innsats for å sikre mange av dei immaterielle kulturminna våre. Dette kan dreie seg om songar og stev, dansar eller ulik handlingsboren kunnskap. Vi kan ikkje sjå at kulturminneutvalet har nemnt dei immaterielle kulturminna i serskilt grad i utgreiinga.

Arkivmateriale og tilfanget i somme bibliotek – ikkje minst Nasjonalbiblioteket – er det òg naturleg å definera som kulturminne. At utgreiinga ikkje femner om desse felta, er uproblematisk, men det kunne vore greitt om dokumentet innleiingsvis hadde innehalde meir eksplisitte definisjonar og avgrensingar.

### **3. Kulturminne og kulturmiljø som grunnlag for verdiskaping**

Kultur- og kyrkjedepartementet er einig i at lokalsamfunna er viktige medspelarar i bruken og forvaltninga av kulturminne, jf. kap. 4 i utgreiinga. Kulturminna er viktige kjelder og ressursar for lokalsamfunna med stor relevans for identitet, kunnskap og næringsutvikling. Det er difor viktig at lokalsamfunn og kommunar har eit bevisst tilhøve til sine eigne kulturminne til beste for framtidig kulturminneforvalting og eiga utvikling.

Vi vil i denne samanhengen serskilt trekkje fram musea som sentrale aktørar, kompetansesentra og møtestader i lokalsamfunn og kommunar. I samband med ei framtidig kommunesatsing på kulturminnevernet vil musea og museumsnettverka i større grad kunne fungere som viktige kompetansesentra lokalt og regionalt.

Jf. kap. 9 ser Kultur- og kyrkjedepartementet at det er trong for auka løyingar både til kulturminnevernet og kulturvernet. Kultur- og kyrkjedepartementet ser på opprettinga av eit kulturminnefond som eit steg i rett retning. Vi stiller oss avventande til korleis fondet skal forvaltast og kva kriterium som vert lagde til grunn for tildeling.

### **4. Eigarane og brukarane sine roller og situasjon i kulturminnearbeidet**

Kyrkjene og kyrkjegardane utgjer ein viktig del av kulturminna våre. Kommunane har det økonomiske ansvaret for drifta og vedlikehaldet av kyrkjene, medan forvaltningsansvaret ligg til kyrkja sine valde organ. Riksantikvaren har vurdert tilstanden for kyrkjene og konkluderer i sin 20årige opptrappingsplan at det er trong for 3,4 milliardar kroner til vedlikehald av kyrkjene. Etter den same planen er det samla

behovet for heile kulturminnefeltet 9 milliardar kroner. Dette er ein god illustrasjon på kva dimensjonar kyrkjene åleine utgjer innan kulturminnefeltet.

I tillegg til at kyrkjebygg er viktige kulturminne, er også eldre kyrkjeinventar og utsmykkingar som altertavler, vegg- og takmaleri vesentlege kulturminne. Dette er ikkje serskilt kommentert i utgreiinga.

Jf. kap. 5 foreslår utvalet at staten dekkjer utgiftene til istandsetjing og vedlikehald av våre eldre kyrkjer, samtidig som det vert presisert at kommunene "*må være seg sitt ansvar bevisst, og vise vilje til å prioritere midler til dette formålet.*" (NOU 2002:1 side 70). Same stad er det opplyst at Stortinget våren 2001 vedtok at midlar frå Opplysningsvesenets fond m.a. skal brukast til å delfinansiere vedlikehald av eldre kyrkjer og kyrkjeinventar.

Kultur- og kyrkjedepartementet gjer merksam på at Stortinget ikkje har gjort eit slikt vedtak som utvalet viser til. I Innst. S. nr. 187 (2000-2001) gjekk fleirtalet i kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen inn for at det vart opna for å gje tilskot frå Opplysningsvesenets fond til vern og sikring av våre eldre kyrkjer og kyrkjeinventar. Spørsmålet om realisering av dette er m.a. avhengig av fondet sin finansielle situasjon til eikor tid. Med bakgrunn i vedtak i Stortinget hausten 2001, er det dessutan ved Ot.prp. nr. 97 (2001-2002) fremja forslag om inflasjonssikring av fondet sin pengekapital. Fondet sin aktuelle finansielle situasjon, saman med forslaget om inflasjonssikring, inneber at dei opphavlege føresetnadene for tilskot frå fondet til eldre kyrkjer no er vesentleg endra.

Kultur- og kyrkjedepartementet ser elles ikkje grunn til å kommentere utvalet sitt forslag om at staten skal gje tilskot til sikring og vedlikehald av eldre kyrkjer, utover å vise til Innst. S. nr. 187 (2000-2001) og dei vedtak Stortinget gjorde ved handsaminga av innstillinga, jf. romartalsvedtak nr. III og IV som Miljøverndepartementet tidlegare er gjort kjent med.

Kultur- og kyrkjedepartementet viser elles til Sem-erklæringa der det framgår at denne regjeringa vil leggje fram for Stortinget sak om istandsetjing av verneverdige kyrkjebygningar. Kultur- og kyrkjedepartementet ser det som naturleg at saka vert sett i samanheng med oppfølginga av kulturminneutvalet si utgreiing, og av dei stortingsvedtaka som er nemnde ovanfor.

Opplysningsvesenets fond sine eigedomar og kulturminne er knapt omtala i utgreiinga. Fondet eig ei stor bygningsmasse med eit stort tal freda og verneverdige bygningar. Årleg vert det brukt om lag 50 mill. kroner av fondet sine midlar til istandsetjing og vedlikehald av prestebustader og prestegardar. Det er bestemt at fleire prestegardar framleis skal vere i fondet si eige ut frå kulturminneomsyn.

Kultur- og kyrkjedepartementet ser grunn til å nemne dette, fordi utgreiinga si omtale og forslag knytte til staten som eigar av kulturminne og utgreiinga si understrekning av trangen for samla oversyn over staten sine eigedomar, naturleg burde omtala eigedomar som tilhører Opplysningsvesenets fond, og som i denne samanhengen kjem i same kategori som staten sine eigedommar.

Departementet ser at NOU 2002:1 har stor interesse for kyrkja. Likevel er ingen kyrkjelege instansar, utanom Kultur- og kyrkjedepartementet og Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider, ført opp på høylingslista. Vi har difor tillate oss å sende utgreiinga på høyring til Kyrkjerådet, biskopane, Kyrkjas Arbeidsgjevarorganisasjon og Opplysningsvesenets fond, med svarfrist 1. september til Miljøverndepartementet.

## 5. Partnerskap og samarbeid

Jf. kap. 7 spelar dei mange musea i Noreg i dag ei viktig rolle både som forvaltarar og som formidlarar av kulturminne, men det er grunnlag for å hevde at musea lenge har vore undervurderte samarbeidspartnerar for den offentlege kulturminneforvaltinga. Blant årsakene til dette kan vere at museumslandskapet i mange år har vore oppsplitta og utan nødvendig samordning.

Med bakgrunn i St.meld nr. 22 (1999-2000) *Kjelder til kunnskap og oppleveling. Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammevilkår på kulturområdet*, vedtok Stortinget i desember 2000 ei strukturreform innanfor det norske museumslandskapet. Utan å sentralisere verken samlingar eller kulturminne, er siktet målet å omdanne eit fragmentert museumslandskap til eit mindre tal konsoliderte einingar og knyte desse saman i eit nasjonalt nettverk. Målsetjingane med reforma er å bevare og styrke lokalt engasjement i kulturvernet, byggje opp fagleg kompetanse og institusjonell styrke på regionalt nivå, og å sikre eit fagleg og praktisk samarbeid mellom museum i hele landet.

Museumsreforma, samt opprettinga av eit statens samordningsorgan for arkiv, bibliotek og museum (ABM-utvikling) vil vere viktige reformer for å utvikle musea sine roller som samarbeidspartnerar for det offentlege kulturminnevernet. Kultur- og kyrkjedepartementet støttar difor utvalet sitt syn om at musea si rolle som møteplass og deira kompetanse på dokumentasjon, bevaring, forsking og formidling vert vidareutvikla og i større grad aktivisert innanfor kulturminnearbeidet.

I utgreiinga s. 80, pkt. 7.2 peikar utvalet på at den regionale kulturminneforvaltinga sitt samarbeid med musea varierer: "Fra statens side er det ikke lagt opp til noe system eller retningslinjer for samarbeid, og staten har heller ikke satt av egne midler til kjøp av tjenester fra regionale og lokal museer". Kultur- og kyrkjedepartementet kan ikkje sjå at dette punktet er følgt opp med eit forslag seinare i utgreiinga.

Kultur- og kyrkjedepartementet støttar utvalet sitt syn om at det bør etablerast eit nærrare og meir systematisk samarbeid mellom Riksantikvaren og Norsk museumsutvikling (ABM-utvikling frå 2003). Dei to fagorgana med sektorar har mange fellesinteresser og fellesbehov, og det kan skapast eit grunnlag for betre løysingar gjennom eit tettare samarbeid.

Kultur- og kyrkjedepartementet vil foreslå at det vert nedsett ei gruppe som skal sjå nærrare på samarbeidsflatene mellom Kultur- og kyrkjedepartementet/Miljøverndepartementet og Riksantikvaren/ Norsk museumsutvikling (ABM-utvikling). Gruppa bør sjå på korleis samarbeidet i dag artar seg og kva tiltak som kan betre dette.

I denne samanhengen er det viktig å hugse på at eit auka samarbeid også vil krevje auka tilførsel av midlar og vilje til å sjå serskilt på samarbeidsprosjekt som vil gagne både kulturminnevernet og kulturvernet. Utvalet sitt forslag om å etablere eit samarbeidsprosjekt mellom museumssektoren og den offentlege kulturminneforvaltinga for å sjå på verkemiddel i arbeidet med å sikre dei nasjonale minoritetane sin kulturarv bør vurderast av denne gruppa. I spørsmål som involverer kompetanseoppbygging og utdanning bør også Utdannings- og forskingsdepartementet delta.

## **6. Kompetanseoppbygging og utdanning**

Kultur- og kyrkjedepartementet vil serskilt understreke at ein bør arbeide for større likeverd mellom dei ulike formene for kunnskap som krevst i kulturminneforvaltinga. Som utvalet skriv i kap. 2 pkt. 2.4, involverer kulturminneforvaltinga eit breitt spekter av kunnskap som lokal kunnskap, tradisjonar, praktisk kunnskap, vitskap og forvaltningskunnskap. Kultur- og kyrkjedepartementet vil serskilt trekkje fram trøngan for ei auka satsing på praktisk kunnskap og handverksfag i den framtidige kulturminneforvaltinga. I denne samanheng vil Kultur- og kyrkjedepartementet på ny understreke trøngan for auka samarbeid mellom Miljøverndepartementet, Utdannings- og forskingsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet om Norsk Handverksutvikling si stilling og vidare utvikling.

Som utvalet skriv har det gjentekne gongar vorte peika på trøngan for ei satsing på handverksfag og konserveringsfag utan at det har gjeve nemneverdige resultat. Både sett i høve til kommunesatsinga på kulturminnevernet og den pågåande museumsreforma, har både kulturminnevernet og kulturvernet trøng for auka kompetanse på desse felta. Kultur- og kyrkjedepartementet foreslår at desse spørsmåla vert sentrale i ei eventuell tverrdepartemental arbeidsgruppe som er nemnd ovanfor.

Utvalet sitt forslag (s. 121) om å lage eit totaloversyn over etter- og vidareutdanningskurs og studietilbod innanfor kulturminnefeltet og gjere dette tilgjengeleg gjennom ein felles dataportal, kan vere eit tenleg samarbeidsprosjekt mellom Miljøverndepartementet, Kultur- og kyrkjedepartementet og Utdannings- og forskingsdepartementet med underliggende organ. Vi vil likevel peike på at det vil vere vanskeleg å få gjennomført alle gode tiltak i samarbeidsflatene mellom departementa på same tid, og at det i denne samanhengen vil vere sterk trond for å prioritere innanfor forventa stramme rammer.

Kultur- og kyrkjedepartementet har avgrensa ressursar til rådvelde når det gjeld støtte til forsking i regi av Noregs forskingsråd. Departementet har prioritert å gje støtte til Program for kulturstudiar i regi av Forskningsrådet, medan andre program, som til dømes Landskap i endring, ikkje har motteke støtte. Sjølv om Kultur- og kyrkjedepartementet er positive til at det vert oppretta eit Program for kulturminne- og kulturmiljøforsking lagt til Noregs forskingsråd, må framtidig støtte frå Kultur- og kyrkjedepartementet vurderast ut frå tilgjengelege ressursar og direkte nytte. I denne samanhengen ser vi at det i framtida kan vere eit stort potensial for meir forsking ved musea. Dette er eit punkt som er lite omtala i utgreiinga, men som vil vere viktig for å auke kompetansen ved musea til beste for den samla kompetansen for heile kulturminnevernet.

Kulturvern og kulturminne er eit vesentleg element i utviklinga av den kulturelle skulesekken over heile landet og musea er viktige samarbeidspartnerar og aktørar både lokalt, regionalt og sentralt. Norsk museumsutvikling ivaretok sekretariatsfunksjonen for den kulturelle skulesekken. Omgrepet "den kulturelle skulesekken" er no i ferd med å feste seg og det er bygd viktige strukturar rundt om i heile landet som det er av stor verdi å vedlikehalde og betre. Kultur- og kyrkjedepartementet ser at Miljøverndepartementet på ulike vis kan bidra til utviklinga av skulesekken ved å nytte dei strukturar og samarbeidsnettverk som er oppbygde på dette feltet. Norsk museumsutvikling har god erfaring med utviklingsarbeid for å leggje til rette for kunnskapsformidling om kulturminne, og vil gjerne bidra i eit utvida samarbeid mellom museum, kulturminneforvalting og skuleverket. I Miljøverndepartementet sitt Nettverk for miljølære er det serskilt kulturminneområdet og satsing innan arkitektur som fell innanfor ideen med den kulturelle skulesekken. Kultur- og kyrkjedepartementet vil oppfordre Miljøverndepartementet til å vurdere korleis ein eventuelt kan få til fruktbare samarbeidskonstellasjonar på dette feltet.

Jf. kap. 3 i utgreiinga vil vi støtte forslaget om at arkeologiske kulturminne i større grad bør formidlast lokalt og regionalt og vil i denne samanheng trekkje fram dei mange musea kring om i landet som aktuelle samarbeidspartnerar på dette feltet. Vi har tru på at eit betre samarbeid mellom universitet og høgskular, dei lokale og regionale musea, kommunar, fylkeskommunar og frivillige organisasjonar kan betre tilhøvet på dette feltet og sikre lokalsamfunna betre innsikt i denne delen av historia vår.

Serskilt vil vi understreke at lokalsamfunn og kommunar bør arbeide med å formulere klare mål og visjonar også for dette arbeidet i samband med utviklinga av den kulturelle skulesekken lokalt og regionalt.


Jf. kap 3 og 12 vil Kultur- og kyrkjedepartementet serskilt framheve trøngen for å utvikle og betre registersituasjonen på kulturminnefeltet. Både sett i høve til kommunenesatsinga på kulturminnevernet og auka formidlingsverksemd ved musea er det trøng for gode og oppdaterte register over kulturminnene. Registrer er viktige planverkty og vil vere avgjerande for ei betre forvaltning og formidling av kulturminne og kulturmiljø i framtida.

## 8. Kommuneprosjektet

Jf. kap. 10 vil Kultur- og kyrkjedepartementet i all hovudsak støtte prosessen med å overføre ein del oppgåver på kulturminneområdet til kommunane. Vi understrekar at dersom ein slik reform skal lukkast er kommunane avhengige av å få tilført monalege ressursar til føremålet. Vi ser det som tenleg at det i første omgang vert satsa på ein differensiert modell der dei kommunane som ser seg i stand til det først får overført oppgåver. I andre tilfelle vil prosessen måtte ta litt lenger tid. I ein overgangsfase er det viktig at staten opprettheld og utviklar nødvendige støttefunksjonar.

Formidlingsdelen av kommunenesatsinga er særskilt viktig og har stort utviklingspotensial. Serskilt ser vi at musea har eit større potensial for formidling dersom dei får tilført fleire ressursar til føremålet. Vi finn grunn til å understreke at kulturminnesektoren og kulturvernsektoren må dele på dette ansvaret.

Kultur- og kyrkjedepartementet viser elles til merknader under pkt. 5.

  
Med helsing  
Stein Sægrov e.f.  
avdelingsdirektør

  
Ingunn Rotihaug  
førstekonsulent

Kopi: Norsk museumsutvikling